

# Kraftverksimulator

Målet med denne oppgåva er å prosjektere eit testutstyr for kontrollanlegg i vasskraftstasjonar.

## Problemstilling


Kraftstasjonar til enorme summar har store manglar. Problem oppstår fordi kontrollanlegget ikkje er kvalitetssikra før driftsetjing, og dette fører til store økonomiske tap. Sunnfjord Energi vil unngå desse problema ved å kvalitetssikre kontrollanlegga ved fabrikkgodkjenninga.

## Metode

Med gruppemedlemmar frå automasjon og elkraft har ein kryssa kompetansen for å skape eit best mogeleg resultat. Vi har vore på anleggsbefaring og gjort vurderingar, drøftingar og berekningar innanfor kraftelektronikk, programmering og vasskraftverk for å finne den beste løysinga på problemstillinga. For å få resultatet mest mogeleg reelt har vi tatt utgangspunkt i funksjonane til Hove kraftverk i Vik.

## Resultat

Resultatet er vorte eit prosjektert testutstyr for kontrollanlegg, der programmering med tilhøyrande HMI-panel er designa for dei sentrale komponentane i kraftstasjonen. Krava til oppdragsgjevar er oppfylde og det ligg til rette for ferdigstilling av prosjektet for etterkommande studentgrupper.



Figur: Systemskisse